

Fra: May Hundvin <mhundvin@yahoo.no>

Sendt: 22.03.2023 11:53:46

Til: Marte Hagen Eriksrud <marte.hagen.eriksrud@alver.kommune.no>

Emne: Arealplanarbeidet. Den trondhjemske postvei.

Hei! Etter det eg forstår ønskjer Statens vegvesen å bandlegge arealet rundt postveien med 10 M på kvar side av vegen, slik dette går fram av fråsegn frå vegvesenet til Kulturmiljøplanen. Iflg prosjektleiar Bente K Hervig vil evt bandlegging bli ein del av arealplanen for Alver, som no er under utarbeiding. Som grunneigar frå Nesfossen til Hundvin vil slik bandlegging få store konsekvensar for skogsdrifta til garden vår. Postveien er einaste tilkomsten vi har til skogen, og allereie i dag har det blitt restriksjonar på bruk av vegen med traktor og maskiner. Med bandlegging kan det heller ikkje byggjast alternativ skogsveg om aktuelt, slik topografien er i området. Er denne bandlegginga aktuell å gjennomføre og føreslå i arealplanen? Vi er mange grunneigarar i området som ser med stor uro på dei inngrep som Vegvesenet ønskjer her. Korleis kan vi sikre at landbruk/skognæringa og eigedomane våre ikkje blir skadelidende? Har prøvd å sette meg inn i informasjonen om planen som ligg på sidene til Alver, men syns at det er vanskeleg å finne ut korleis vi kan sikre at synspunkta kjem godt nok fram. Ring meg gjerne. Mvh May Hundvin, tlf 99240556. E-post: mhundvin@yahoo.no. Gnr 56 bnr 14.

Sendt fra min iPhone